



**Saksframlegg**

**Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021, årsbudsjett 2018**

Saksnr.	Utval	Møtedato
2017/131	Formannskapet	13.11.2017
2017/136	Formannskapet	27.11.2017
2017/101	Kommunestyret	14.12.2017

**Vedlegg:**

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.11.2017	Budsjett 2018, Økonomiplan 2018-2021	1353470
07.12.2017	Uttale frå Rådet for likestilling av funksjonshemma	1355571
07.12.2017	Uttale frå Eldrerådet	1355572

**Samandrag:**

Kvart år skal kommunestyret vedta eit driftsbudsjett for den kommunale verksemda. Dette er heimla i kommuneloven §45. Likeeins skal kommunestyret vedta ein revidert økonomiplan for den komande fireårsperioden, som heimla i kommunelova §44.

Kommuneplanens handlingsdel skal også rullerast årleg. Kommunens budsjett- og økonomiplan kan inngå i handlingsdelen.

Årsbudsjettet skal oppfylle ei rekke formelle krav, slik kommunelova og Sandøy kommune sitt økonomireglement slår fast. Det viktigaste i denne samanhengen er at budsjettet skal vere realistisk og balansere mellom forventa inntekter og utgifter.

Kommunestyret skal vedta budsjettet etter innstilling frå formannskapet, jamfør kommunelova §44-45.

**Saksopplysningar:**

Formannskapet har ei tilrådande rolle ovanfor kommunestyret og skal utarbeide eit budsjettforslag ut i frå mål, sentrale krav, behov, endringar og prioriteringar før offentleg høyring. Formannskapet si tilråding vert lagt ut til offentleg ettersyn. Eventuelle innvendingar skal følgje som vedlegg i saka til kommunestyret 14.12.17.

Fristar for formannskapet si innstilling til kommunestyret og offentleg høyring:

- Handlingsplanen – kommuneplanens handlingsdel - minst 30 dagar før kommunestyret si behandling, jamfør plan og bygningslova.
- Økonomiplanen - minst 14 dagar før kommunestyret si behandling, jamfør kommunelova.

Det er planlagt slike møter framover:

- **13.november:** Formannskap
- **27.november:** Formannskap
- **14.desember:** Kommunestyre

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår til at rådmannens forslag til handlingsplan og økonomiplan 2018-2021 og årsbudsjett 2018 blir lagt til grunn for formannskapet si innstilling.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Sandøy kommunestyre vedtek handlingsplanen slik den går fram av vedlegget «Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021, årsbudsjett 2018»
2. Sandøy kommunestyre vedtek årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 i samsvar med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B slik det går fram av vedlegget «Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021, årsbudsjett 2018»
3. Sandøy kommune vedtek å ta opp lån til investeringar i 2018 med kr. 67 248 000  
Rådmannen får fullmakt til å godkjenne rente- og avdragsvilkår.
4. Eigedomsskatt
  - a. Sandøy kommunestyre vedtek å skrive ut eigedomsskatt for 2018 med bakgrunn i eigedomsskattelova (eskl.) §2 og §3g
  - b. Eigedomsskattevedtekter vedteke av Sandøy kommunestyre 21.01.16 med seinare endringar skal ligge til grunn.
  - c. Kommunen si sakkyndige nemnd fastsett takster på skattepliktig eigedom, jamfør esktl. §8 A-2 (1) og §8 A-3 (1) og (4). For bustadeigedom vedtek kommunestyret at Skatteetaten sitt formuesgrunnlag skal leggest til grunn som verdsettelsesmetode, jamfør esktl. §8C.
  - d. For 2018 skal eigedomar fritakast i medhald i eigedomsskattelova §7:
    - §7a) Eigedom til skiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.
    - §7c) bygning som heilt eller i nokon mon ver nytta til husvære.
  - e. Fritak i 2018 gjeld for nye bustadar som er tatt i bruk i 2017.
  - f. Eigedomsskatten delast opp i 4 terminar i samråd med andre kommunale avgifter.
  - g. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt for 2018 med ein promillesats på 2.
2. Sandøy kommunestyre vedtek å skrive ut eigedomsskatt for 2018 med bakgrunn i eigedomsskattelova (eskl.) §2 og §3g
3. Eigedomsskattevedtekter vedteke av Sandøy kommunestyre 21.01.16 med seinare endringar skal ligge til grunn.

4. Kommunen si sakkyndige nemnd fastsett takster på skattepliktig eigedom, jamfør esktl. §8 A-2 (1) og §8 A-3 (1) og (4). For bustadeigedom vedtek kommunestyret at Skatteetaten sitt formuesgrunnlag skal leggest til grunn som verdsettelsesmetode, jamfør esktl. §8C.
5. For 2018 skal eigedomar fritakast i medhald i eigedomsskattelova §7:
  - a. §7a) Eigedom til skiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.
  - b. §7c) bygning som heilt eller i nokon mon ver nytta til husvære.
6. Fritak i 2018 gjeld for nye bustadar som er tatt i bruk i 2017.
7. Eigedomsskattten delast opp i 4 terminar i samråd med andre kommunale avgifter.
8. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt for 2018 med ein promillesats på 2.

## **27.11.2017 Formannsskapet**

### **Behandling:**

#### **formannskapet 13.11.2017:**

Framlegg sett fram av Jessica Gärtner (H);

1. Sandøy kommunestyre vedtek handlingsplanen slik den går fram av vedlegget «Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021, årsbudsjett 2018»
2. Punkt 2, 3 og 4 vert utsatt, justeringar frå formannskapet i møte 13.11.17 vert innarbeidd til neste formannskapsmøte (27.11.2017)

Punkt 4 a. til g., kjem ved ein feil fram to ganger i framlegg til vedtak. Framlegg til vedtak blir retta opp.

Formannskapet melder ønske om små endringar i tekst og tal i dokumentet.

Røysting over framlegg sett fram i møtet:

samrøystes

#### **F-2017/131 Vedtak:**

Formannskapet tilrår samrøystes:

1. Sandøy kommunestyre vedtek handlingsplanen slik den går fram av vedlegget «Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021, årsbudsjett 2018»
2. Punkt 2, 3 og 4 vert utsatt, justeringar frå formannskapet i møte 13.11.17 vert innarbeidd til neste formannskapsmøte (27.11.2017).

Fylkesmannen hadde tilsyn med kommunal beredskapsplikt 23.11.2017. I tilsynet kom det fram nokre forbetningsområde. På bakgrunn av dette la ordførar fram forslag til tillegg i handlingsplanen, markert med utheva skrift.

<p><b>Planlegging</b></p>	<p>Gjennom m.a. kommuneplanen skal kommunen legge føringar for kommunal drift og samfunnsutvikling. Sandøy kommune har <u>planstrategi</u> for perioden 2016-2020 med prioritering av planarbeid. Planarbeidet må no også sjåast i samanheng med kommunereforma. Fellesnemnda skal bidra til ei heilskapleg planlegging på økonomiområdet, og arbeide med utvikling av felles planstrategi og samordning av planarbeidet i kommunane. Men kommunen må også prioritere lokale planar i denne perioden. Det blir gitt tilskot til ulike planar, og det kan vere krav om planar for å få tilskot. Det er aktuelt å vurdere plan/kartlegging av friluftsiinteresser, kulturminner, trafikksikkerheit. Kulturplan var med i budsjett 2017, og må vurderast nærare ved ein samla gjennomgang. Det er viktig å ha god oversikt og plan for eiga verksemd når ein går inn i ein ny kommune. På plansida er det tydlegare krav innan samfunnstryggleik og beredskap.</p> <p><i>Langsiktige mål og strategiar må på sikt takast inn i overordna planar. Det går fram av både intensjonsavtalen og mandat for fellesnemnda at beredskapsplan skal utarbeidast.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Kartlegging av sjøareal (prosjekt marine grunnkart Nordre Sunnmøre)</li> <li>· Gjennomgang/prioritering av lokale planar blant anna med utgangspunkt i planstrategien.</li> <li>· Verksemdplan for einingane.</li> <li>· Samordne planlegging i Nye Ålesund.</li> </ul>
<p><b>Beredskap</b></p>	<p><i>Sandøy kommune har ein levande beredskapsorganisasjon, men funn frå heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) viser at kommunen har eit forbettringspotensiale. Kommunen treng å oppdatere beredskapsplanverket for einingane, og det må utarbeidast rutinar for evaluering av hendingar og øvingar i kommunen. I 2017 har kommunen hatt tilsyn med vassforsyningssystemet og kommunal beredskapsplikt. I 2018 må det arbeidast med forbetring.</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Revidere overordna beredskapsplan på bakgrunn av heilskapleg ROS-analyse.</li> <li>· Basert på funn i ROS-analyse skal det utarbeidast beredskapsplan innanfor oppvekst og kultur.</li> <li>· Utarbeide ROS-analyse og beredskapsplan for vassforsyningssystemet.</li> </ul>

Formannskapet tek tillegg til beredskap til vitande og ber administrasjonen om å legge dette inn i dokumentet til kommunestyremøtet 14.12.2017.

Røysting over framlegg til vedtak frå pkt. 1 til 4 g.  
Samrøystes.

**F-2017/136 Vedtak:**  
**Formannskapet tilrår samrøystes:**

1. Sandøy kommunestyre vedtek handlingsplanen slik den går fram av vedlegget «Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021, årsbudsjett 2018» Formannskapet tek tillegg om beredskap til vitande og ber administrasjonen om å legge dette inn i

dokumentet til kommunestyremøtet 14.12.2017.

2. Sandøy kommunestyre vedtek årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 i samsvar med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B slik det går fram av vedlegget «Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021, årsbudsjett 2018»
3. Sandøy kommune vedtek å ta opp lån til investeringar i 2018 med kr. 67 248 000. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne rente- og avdragsvilkår.
4. Eigedomsskatt
  - a. Sandøy kommunestyre vedtek å skrive ut eigedomsskatt for 2018 med bakgrunn i eigedomsskattelova (eskl.) §2 og §3g
  - b. Eigedomsskattevedtekter vedteke av Sandøy kommunestyre 21.01.16 med seinare endringar skal ligge til grunn.
  - c. Kommunen si sakyndige nemnd fastsett takster på skattepliktig eigedom, jamfør esktl. §8 A-2 (1) og §8 A-3 (1) og (4). For bustadeigedom vedtek kommunestyret at Skatteetaten sitt formuesgrunnlag skal leggest til grunn som verdsettelsesmetode, jamfør esktl. §8C.
  - d. For 2018 skal eigedomar fritakast i medhald i eigedomsskattelova §7:
    - §7a) Eigedom til skiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.
    - §7c) bygning som heilt eller i nokon mon ver nytta til husvære.
  - e. Fritak i 2018 gjeld for nye bustadar som er tatt i bruk i 2017.
  - f. Eigedomsskatten delast opp i 4 terminar i samråd med andre kommunale avgifter.
  - g. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt for 2018 med ein promillesats på 2.

## 14.12.2017 Kommunestyret

### Behandling:

Merknad:

Det skal utarbeidast kulturminneplan i Sandøy kommune.

Punktet skal innarbeidast i handlingsplanen under prioriterte tiltak, under punktet om

### ***planlegging.***

Eldrerådet og Rådet for likestilling av funksjonshemma har slike kommentarar til

Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021 årsbudsjett 2018

Rådet for likestilling av funksjonshemma saknar meir pengar til psykisk helse.

Eldrerådet ser med glede på at pengar til utredning av Frivillighetssentral er sett opp, då dette har vore viktig for rådet i mange år. I vidare arbeid med Frivillighetssentral har rådet ynskje om å være deltakar i arbeidet.

UKS har ingen kommentar til Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021 årsbudsjett 2018

Råda tek Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021 årsbudsjett 2018 til vitande.

### K-2017/101 Vedtak:

**Kommunestyret vedtek samrøystes:**

1. Sandøy kommunestyre vedtek handlingsplanen slik den går fram av vedlegget «Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021, årsbudsjett 2018»
2. Sandøy kommunestyre vedtek årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 i samsvar med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B slik det går fram av vedlegget «Handlingsplan og økonomiplan 2018-2021, årsbudsjett 2018»
3. Sandøy kommune vedtek å ta opp lån til investeringar i 2018 med kr. 67 248 000 Rådmannen får fullmakt til å godkjenne rente- og avdragsvilkår.
4. Eigedomsskatt
  - a. Sandøy kommunestyre vedtek å skrive ut eigedomsskatt for 2018 med bakgrunn i eigedomsskattelova (eskl.) §2 og §3g
  - b. Eigedomsskattevedtekter vedteke av Sandøy kommunestyre 21.01.16 med seinare endringar skal ligge til grunn.
  - c. Kommunen si sakkyndige nemnd fastsett takster på skattepliktig eigedom, jamfør esktl. §8 A-2 (1) og §8 A-3 (1) og (4). For bustadeigedom vedtek kommunestyret at Skatteetaten sitt formuesgrunnlag skal leggast til grunn som verdsettelsesmetode, jamfør esktl. §8C.
  - d. For 2018 skal eigedomar fritakast i medhald i eigedomsskattelova §7:
    - §7a) Eigedom til skiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.
    - §7c) bygning som heilt eller i nokon mon ver nytta til husvære.
  - e. Fritak i 2018 gjeld for nye bustadar som er tatt i bruk i 2017.
  - f. Eigedomsskatten delast opp i 4 terminar i samråd med andre kommunale avgifter.
  - g. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt for 2018 med ein promillesats på 2.

Anny Sønderland  
rådmann

Therese Flaten  
økonomikonsulent